



Alver kommune v/Plan og byggesak
Kjartan Medaas
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9112 - 21/78710

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2021

Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om dispensasjon for frådelling - gbnr 27/7 Øvretveit

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formål for om lag 1 700 m². Formålet med søknaden er å byggja bustadhus på parsellen. I opprinneleg søknad var arealet oppgjeve til omlag 4 000m². Dette vart retta i etterspurt tilleggsdokumentasjon motteken 29.09.2021.

Arealet er registrert som innmarksbeite i NIBIO sitt gardskart og det vil difor krevja løyve til omdisponering og deling etter jordlova. Arealet ligg innanfor omsynssone landbruk. For å klassifisera eit areal som innmarksbeite er det krav om at det skal vera minst 50 % kulturgrasartar. Innanfor eit beite kan det vera tre, fjell i dagen og liknande, så det er ikkje krav om at heile arealet må vera grasdekt. Det er ingen begrensingar på brattheit, så lenge krav om grasvekst er oppfylt.

Etter reglane om driveplikt i jordlova har eigar av jordbruksareal plikt til å halda det i drift.

Jordlova sine reglar om omdisponering og deling vil gjelda sjølv om arealet ikkje er i drift akkurat no, og i utgangspunktet skal dyrka mark ikkje takast i bruk til andre føremål.

På gardskartet er det registrert 9,8 daa fulldyrka, 13,2 daa overflatedyrka og 14,8 daa innmarksbeite. Det soleis eit lite bruk med begrensa jordressursar, og frådelling av 1,7 daa innmarksbeite vil svekka arealressursane.

Det er omsynet til bruket på lang sikt som vert lagt til grunn for vurdering, og det frådelt arealet er ein del av eit samanhengande jordbruksareal som strekk seg over fleire bruk.

Tomten slik den er plassert vil gje ei uheldig arrondering av arealet som vert liggjande att på teigen, der både mot aust og nord vert smale striper med beite som er lite hensiktsmessig.

I jordlova kan det leggast vekt på busetjingsomsyn, men det er ikkje komen fram i søknaden at det gjer seg gjeldande spesielle busetjingsomsyn.

Søklar peikar på at det ikkje er bustadhus på bruket i dag, og at han vil busetja seg på staden og oppretta eit driftsfellesskap for å driva eigedomen. Det er positivt at dei vil ta vare på og driva eigedomen, men for garden på lang sikt hadde det vore betre at det vart bygd eit nytt våningshus i tunet på bruket.

Landbruksavdelinga kan ikkje rå til at det vert innvilga dispensasjon. Dersom dispensasjon vert gitt ber me om å få saka tilbake for handsaming etter jordlova.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune v/Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG